


# LIVSTEIKNET

Eit hefte om dåpen



Bispemøtet




# DEN NORSKE KIRKE

Bispemøtet

Postadresse: Pb. 799 Sentrum, 0106 Oslo  
Besøksadresse: Rådhusgata 1-3, Oslo (Kirkens hus, 5. etg)

E-post: [bispemotet@kirken.no](mailto:bispemotet@kirken.no)  
[www.kirken.no/bm](http://www.kirken.no/bm)

Bispemøtet april 2020. 1. opplag.



# Innhald

|                             |           |
|-----------------------------|-----------|
| <b>Forord</b>               | <b>4</b>  |
| <b>Dåpsgåva</b>             | <b>5</b>  |
| <b>Livsteiknet</b>          | <b>7</b>  |
| <b>1. Bakgrunn</b>          | <b>8</b>  |
| <b>2. Dâpsteiknet</b>       | <b>10</b> |
| <b>3. Teikn til frelse</b>  | <b>12</b> |
| <b>4. Tidspunkt for dâp</b> | <b>14</b> |
| <b>5. Livet i dâpen</b>     | <b>16</b> |
| <b>6. Dâp og kyrkja</b>     | <b>18</b> |

# Forord

---

2020 er eit år der Den norske kyrkja på ein særleg måte satsar på dåpen. Vi kommuniserer på nye måtar, vi inviterer til drop-in dåp, dåp laurdagar og kvardagar, syng salmar om dåpen, og les og fordjupar oss i dåpens mysterium.

Bispemøtet fekk tidleg i 2019 ein førespurnad frå Kyrkjerådet om å utarbeide materiale om dåpen til kyrkjelydane. Biskopane vart samde om å utarbeide ein kort tekst til opplesing i ei gudsteneste, og eit noko lengre ressurshefte for felles samtale og refleksjon blant kyrkjeleg tilsette, sokneråd og frivillige.

*Dåpsgåva* vart sendt ut og lese opp i mange kyrkjer 2. søndag etter Kristi openberringsdag, 12. januar 2020. Ho vart først presentert på Trosopplæringskonferansen hausten 2019, og trykt i *Dåpsløftet*, som vart distribuert til konferansedeltakarane.

*Livsteiknet* vart fastsette av Bispemøtet 10. - 14. februar 2020.

Med dette heftet ønskjer vi å stimulere til fornya refleksjon om dåpen.

*Biskop Atle Sommerfeldt*  
*konstituert preses i Bispemøtet*

# Dåpsgåva

I året som ligg framfor oss, vil vi i kyrkja gi dåpen ekstra merksemd. Kva har vi i dåpen? Kvifor skal vi døypast?

Heilt sidan Jesus bad oss om å døype, har menneska søkt dåp. Dåpen er eit mysterium. Ord kan ikkje fullt ut beskrive det som skjer. Vatnet blir aust opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Ved evangeliet, det levande Ordet, blir vatnet ei nådekjelde. Dåpen gir oss del i påskeforteljinga om Jesus som døydde og stod opp av grava.

Tradisjonen vår er å bere barn til dåpen. Vi feirar det nye livet og legg barnet i Guds hender. Foreldre gjer mange val for barna sine. Når eit barn blir døypt, svarer foreldra og fadrane ja på vegner av barnet. Men det er aldri for seint å bli døypt. Når ungdom og vaksne blir døypte, svarer dei sjølve ja. Også då står fadrar klare til å hjelpe den døypte til å leve i dåpen og trua på Jesus. Bibelforteljingar, bøn, nattverd og tilhøyrslø i kyrkja er ein del av dåpsvelsigninga.

Vatnet i den kristne dåpen er eit teikn som rommar både liv og død. Vatnet er livsgrunnlaget vårt og samtidig ein trussel. Når vi feirar dåp, set vi derfor òg ord på og tek avstand frå det som er vondt og imot Guds vilje. Det gjer vi i fellesskap når vi forsakar djevelen og vedkjenner oss trua. Dåpen skjermar oss ikkje mot vondskap, synd og destruktive krefter. Han gir oss eit løfte og eit håp om at livskraftene er sterkare, og at Gud tilgir oss og reinsar oss for all urett.



Foto: Sveinung Bråthen

Livet fører oss opp og ned. Vi er både sterke og sårbare og treng å høyre til i ein samanheng. Kor ulike vi enn er, i dåpen blir vi eitt på tvers av alt som skil oss. Dåpen gir oss fellesskap med Kristus og med kristne søsken i den lokale kyrkjelyden og i den verdsvide kyrkja. Dette fellesskapet strekkjer seg over tid og rom, for det er éi tru, éin dåp og éi kyrkje. Det vi får i dåpen, gir oss mot og styrke til å elske Gud og nesten vår.

Dåpen er ei gåve frå Gud, gitt av nåde, tre handfuller vatn, aust opp i namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande til evig liv. Vi går framtida i møte saman med Kristus.



# Livsteiknet



Foto: Siv Thomson



Foto: Bo Mathisen



# 1. Bakgrunn

Dåpen er eit sakrament, eit heilagt mysterium. Når vi her prøver å formulere sentrale sider ved dåpen, veit vi samtidig at Guds handling med oss har større djupner enn det som kan rommast i ord. Orda og omgrepa våre strekkjer ikkje til når vi prøver å forklare kva dåpen er. Det nye testamentet, vedkjenningskriftene, liturgiane og salmeboka gir oss hjelp på veggen.

I dåpen kjem vi til Gud og ber: «Evige Gud, du som gjev liv til alt som lever, og har skapt oss i ditt bilete: Vi takkar deg for NN. Ho er dyrebar i dine auge. Ver hos henne med din kjærleik og gje henne ein heim i di kyrkje.»

Dåpen er grunnleggjande for identiteten vår som kristne og som kyrkje. Det er han i dag, og det har han vore heilt sidan byrjinga av kristentrua. Slik Matteus fortel det, var bodet om å døype menneske «i namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande» ein del av det oppdraget Jesus gav disiplane (Matt 28,18–20). Frå den første pinsedagen er menneske blitt ein del av kyrkje gjennom dåpen (Apg 2,41).

I meir enn 1000 år er menneske blitt døypte i Noreg. Den lutherske reformasjonen vidareførte og stadfesta denne praksisen. I den norske kyrkjarahistoria er dåpen eit band som bind oss saman. Dåpen knyter oss òg til kristne i andre delar av verda og til kristne frå andre kyrkjesamfunn. Trass i usemje om sider ved dåpsteologi og dåpspraksis, sameinar dåpen i namnet åt den treeinige Gud, kristne alle stader og til alle tider. Vi er ein del av den verdsvide kyrkje.

Heilt fram til vår tid blei dei fleste innbyggjarane i Noreg døypte som barn. Å vere døypt blei oppfatta som ei side ved det å vere samfunnsborgar. Dåpen fekk dermed òg ein funksjon som ein overgangsrite som inkluderte den nyfødde i samfunnet. Sjølv om det er lenge sidan det var ei lovbestemt plikt å døype barna sine, har dåpen heilt fram til i dag vore ein sjølvsgd

tradisjon for dei fleste. Framleis ber det store fleirtalet av kyrkjemedlemmene barna sine fram til dåp.

Denne teksten handler om kva dåpen inneber, og kvifor kyrkje døyper menneske. Endringar i samfunnet krev at kyrkje og kyrkjelege medarbeidarar må arbeide med korleis dei forstår og formidlar meininga med dåpen. Vi må spørje korleis dåpen kan møte livskjensla til menneske og gi tryggleik og forankring i ei uroleg og omskifteleg verd. Dåpen er ei motvekt til krav om prestasjon og effektivitet og gir oss ein ny identitet bygd på nåden i Kristus.

Dåp er eit tema som rommar heile den kristne trua. I dåpen blir det stadfesta at vi er skapte av Gud, og at vi gjennom Den heilage ande får del i frelsa i Jesus Kristus. Dåpen omsluttar heile livet. Når vi snakkar om dåp, snakkar vi derfor om det sentrale innhaldet i den kristne trua.

*«Fylt av glede over livets under,  
med et nyfødt barn i våre hender,  
kommer vi til deg som gav oss livet.»*  
(N13 586,1)

*«Større rikdom enn hva ord kan romme,  
har du gitt oss gjennom dåpens gave.  
Herre, la vår tro bli fylt av glede!»*  
(N13 586,6)

1. Kva har du blitt fortalt om dåpen din?  
Kva hugsar du frå dåpen din?
2. Korleis kan dåpen vere ei hjelp til livstolkning for menneske?
3. Korleis kan dåpen vere ein motvekt til krav om prestasjon og effektivitet i samfunnet?

## 2. Dåpsteiknet

I dåpen blir vatnet teke i bruk i ei heilag handling. Vatn er ein føresetnad for alt liv på jorda. Vi begynte livet i vatn, verna av fostervatnet i magen til mor. Det er vatn i det vi drikk og et, og vatn er ein del av kroppen vår. Regnet vatnar jorda og gjer henne grøn og fruktbar. Vatn er ein del av skaparverket og ein del av kvardagen vår. Det knyter oss til alt levande på jorda og til krinsløpet i naturen. Vi bruker vatnet til å vaske oss og til å bade i. Dåpsvatnet vernar og gir liv.

I Bibelen er det mange forteljingar om korleis Gud handla i og gjennom vatn. Her kan vatn både gi og ta liv. Gud skapte verda gjennom vatn (1 Mos 1; 2 Pet 3,5). Noah og dei som var med han, blei redda frå flaumvatnet. Regnbogen blei sett som eit teikn på at Gud er trufast (1 Mos 7–8; 1 Pet 1,20–21). Gud redda israelsfolket gjennom Sivsjøen (2 Mos 14; 1 Kor 10,1–2). Jesus lova kvinna ved brønnen det levande vatnet (Joh 4,10–15). Elva med livsens vatn skal ifølgje Johannes' openbering renne ut frå trona til Gud (Op 22,1).

Dåpen kan skje på forskjellige måtar. I mange kyrkjer er full neddykking det vanlege. I kyrkja vår og i mange andre kyrkjer skjer dåpen som regel ved å ause vatn over hovudet til dåpskandidaten, uavhengig om det er ein nyfødd, eit barn, ein ungdom eller ein vaksen. Anten det skjer på den eine eller andre måten, er ikkje den fysiske verknaden av ei slik handling så stor. Men bruken av vatn blir i dåpshandlinga eit teikn på noko større.

I dåpen blir bruken av vatn knytt saman med ord som uttrykkjer det som skjer: «Eg døyper deg til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande.» Bøner og bibellesing er ein del av dåpshandlinga. Saman med Guds ord blir vatnet eit sakrament.

Eit sakrament er eit fysisk element som saman med Guds ord blir eit middel for Guds nåde. Luther seier det slik i den vesle katekismen: «Dåpen er ikkje berre vatn, men han er vatn som Gud har bode oss å bruka saman med Guds ord». Og vidare: «Korleis kan vatn gjera så store ting? Det er ikkje vatnet som gjer det, men Guds ord som er saman med vatnet, og trua som lit på dette ordet.» Gud taler ikkje berre til oss gjennom øyra, men òg gjennom auga og andre sansar. Slik blir dåpen det kyrkjefaderen Augustin kallar «eit synleg ord».

Ved sida av vatnet inneheld dåpshandlinga i kyrkja vår også andre teiknhandlingar. Desse er ikkje sakramentale teikn slik som vatnet, men dei uttrykkjer likevel viktige sider ved det som skjer i dåpen. Når krossen blir teikna over den som skal døypast, uttrykkjer det at han eller ho frå no av høyrer den krossfesta og oppstadne Jesus til. Når handa blir lagd på hovudet på den nydøypte, er det eit teikn på Guds rike velsigning. Når det blir tent lys, uttrykkjer det at Jesus, som er lyset i verda, no lyser for den døypte.

Korleis vi skal forstå dåpen som teiknhandling, har vore eit omstridd spørsmål i kyrkjehistoria. Enkelte har forstått dåpsrolla reint symbolsk, som ein illustrasjon av eller ei stadfesting på noko Gud alt har gjort. Men ei slik forståing kjem ikkje til rette med korleis Det nye testamentet omtaler dåpen, eller korleis store delar av kyrkjetradisjonen har forstått dåpen som eit nådemiddel. I luthersk samanheng tenkjer vi at Gud handlar i dåpen. Dåpen er eit teikn som ikkje berre viser ut over seg sjølv, han er eit verkekräftig teikn som gir del i det teiknet peiker på. Dåpen peiker ikkje berre på frelsa, men gir oss del i henne.



Foto: Caroline Roka

*Fylt av beven foran ukjent fremtid  
legger vi vårt barn i dine hender.  
Det som skjer i dåpen gir oss trygghet.  
(N13 586,2)*

1. Kva rommar vatnet som teikn på dåpen?
2. Kva fortel dei andre teiknhandlingane om dåpen?

# 3. Teikn til frelse

Guds skaparverk er godt. Likevel erfarer vi at livet er trua. Sjukdom, ulykker og død er ein del av tilværet. Vi er offer for det vonde, men bidreg òg sjølve til at livet blir øydelagt, både i det menneskelege fellesskapet og i naturen.

Når vi menneske øydelegg liv, fellesskap og natur, syndar vi. Djupast sett er årsaka til synda det at menneskeslekta har brote ut av fellesskapet med Gud.

Kyrkja taler i denne samanhengen om arvesynd. Arvesynda handlar ikkje om biologi, men om at vi alle blir fødde inn i ein samanheng der synda har makt.

Den store forteljinga i Bibelen handlar om ein Gud som vil frelse verda. Gud vil gjenopprette og gjere heilt igjen det som destruksjon og synd bryt sund og legg audt. Gjennom frelsehandlinga verkeleggjer Gud viljen sin med verda og fører henne tilbake til fellesskap med seg.

Vi kan ikkje frelse oss sjølve. Frelsa er Guds initiativ og uttrykkjer Guds nåde og miskunn mot menneska. Frelsa som blir gitt i dåpen, har mange sider. Dei ulike aspekta ved frelsa blir samanfatta i dåpsliturgibøna ved døypefonten: «Miskunnsame Gud, vi takkar deg for at dåpsvatnet ved ditt ord er ei nådekjelde, der du tilgjev oss vår synd, frelsar oss frå dødens makt og gjev oss lovnad om det evige livet. Send din Ande, så dei som blir døypte, blir reiste opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre».

I dåpen blir vi teikna med korset og får del i Guds frelse i Jesus Kristus. Dåpen er ikkje berre eit teikn eller eit symbol. Etter trua til kyrkja vår skaper Gud i dåpen det som teiknet inneheld.

Den som blir døypt, får del i frelseshandlinga til Gud. Dåpen gir oss fridom og fornyar livet vårt.

Det nye testamentet kallar dåpen eit bad som reinsar oss frå synd og skuld. Vatnet i dåpen reinsar oss frå synd og overausar oss med Guds ande. Då Peter på pinsedag oppmoda tilhøyrarane til å la seg døype, var det for at dei skulle «få tilgiving for syndene» (Apg 2,38). I den nikenske truveidkjeninga vedkjenner vi «ein dåp til forlating av syndene».

Syndstilgivinga i dåpen gjeld heile livet, slik dåpen rammar inn heile livet og er ei kjelde til fornying. Dåpsløftet gjeld i alt som skjer på vegen gjennom livet. Med utgangspunkt i dåpen kan vi alltid be bøna i Fadervår: «og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar» (Matt 6,12).

Dåpen frigjer frå synda, døden og djevelen. Djevelen er i Bibelen og tradisjonen framstilt som ei makt som står bak all synd og vondskap. I tidlegare tider la ein stor vekt på dåpshandlingar der dei vonde åndsmaktene blei jaga bort, såkalla eksorsismar. Vi har ein rest av dette i forsakinga i dåpsliturgien: «Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.»

Å bli sett fri frå dødens makt inneber å få del i eit nytt liv, det Bibelen kallar evig liv. Det evige livet handlar ikkje berre om eit liv etter døden, men er noko vi får del i alt her og no i dette livet. Dette er ein ny fødsel. Dåpen inneber å «bli fødd av vatn og And» (Joh 3,5) – han er «badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande» (Tit 3,5). «Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje, / er vi født på ny til liv i Kristus», heiter det i dåpsalmen til Svein Ellingsen (N13 583,4).

I dåpen får den døypte ein ny relasjon til den treeinige Gud. Den som blir døypt, blir stadfesta som eit Guds barn og ført inn i eit personleg fellesskap med Gud. Gud kallar den døypte ved namn, og den døypte kan tiltale Gud som Far, slik Jesus lærer oss i bønna Fadervår.

Det nye testamentet uttrykkjer på ulike måtar det som skjer i dåpen. Når vi er døypte, har vi kledd oss i Kristus (Gal 3,27). Den døypte lever i Kristus, og Kristus lever i den døypte. Denne eininga med Jesus Kristus inneber at vi får del i Jesu' død og oppstode. Derfor kan Paulus seie at «alle vi som vart døypte til Kristus Jesus, vart døypte til døden hans» og «vart gravlagde med han», og derfor skal vi «vera eitt med han i ei oppstode som er lik hans» (Rom 6,3–5). Gjennom dåpen får vi del i freden og forsoninga som Kristus stifta ved sin død, og hans siger over døden og destruksjonen blir vår siger.

Ordet blei eit menneske i verda vår. Det er det vi kallar inkarnasjonen (Joh 1,14). Til denne hemmelegheita høyrer òg at Jesus tek bustad i det enkelte mennesket. I dåpen skjer det som vi med Brorson syng i julesalmen: «Kom, la min sjel dog finne / sin rette gledes stund, / at du er født herinne / i hjertets dype grunn!» (N13 38,8).

Dåpsgåva stemmer ikkje alltid med erfaringa vår. Også for dei som er døypte, er livet forgiengeleg, og før eller seinare må dei òg døy. Også den døypte kjem sjølv til å gjere synd og til å bli ramma av syndene som andre gjer. Korleis kan vi då seie at dåpen frir oss frå synd og død, utan å ta munnen for full?

Eit svar ligg i dåpens karakter av teikn og løfte. Dåpen peiker framover mot den fullenda frelsa i Guds evige rike. Når vi ein gong blir reiste opp frå grava, er makta til synda og døden for alltid broten. Dåpen gir oss del i eit levande håp. Slik er det uttrykt i 1. Peters brev, som avsluttar dåpsliturgien: «Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, han som i si store miskunn har fødd oss på nytt til ei levande von ved Jesu Kristi oppstode frå dei døde!» (1 Pet 1,3). Alt no får vi del i frelsa, sjølv om ho

enno ikkje er fullt ut verkeleggjord. Den døypte lever i spenninga mellom eit «alt no» og eit «enno ikkje».

«Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd», heiter det i dåpsliturgien når presten legg handa på hovudet til den døypte. Fellesskapet med Den treeinige Gud som dåpen gir, gir oss del i gåvene til Den heilage ande. Ved sin Ande gir Gud liv til alt som lever. Guds heilage Ande vil verke i oss gjennom heile livet. Sett inn i fellesskap med Gud, skaparen, frigjeraren og livgivaren, kan vi vere trygge i livet og døden og i møtet med det

ukjende. Mange har opplevd det Svein Ellingsen skildrar i dåpssalmen sin: «Fylt av beven foran ukjent fremtid / legger vi vårt barn i dine hender. / Det som skjer i dåpen gir oss trygghet.» (N13 586,2)

Det er Gud som handlar med oss i dåpen. Veggen til livssamfunn med Gud og frelse går gjennom dåpen. I Den augsburgske vedkjenninga heiter det at «dåpen er nødvendig til frelse» (artikkel 9). Poenget i denne formuleringa er at dåpen er det middelet til frelse som Gud har gitt oss. Men vi kan ikkje leggje

avgrensingar på Gud og frelsa hans. I tillit til Gud legg vi alle menneske i hendene hans. Men Gud har bunde kyrkja til å døype og forkynde frelsesevangeliet knytt til dåpen.

Gud frelsar verda si gjennom det som skjedde med Jesus Kristus. Hans død og oppstode er dei sentrale handlingane som gjer verda ny og bringar oss i eit forsona forhold til Gud. Bodskapen om Jesus Kristus gir løfte om framtida og håp for ei trua verd.

«Lova vere Gud,  
vår Herre Jesu Kristi Far,  
han som i si store miskunn  
har fødd oss på nytt til ei  
levande von ved Jesu Kristi  
oppstode frå dei døde!»

(1 Pet 1,3)

1. Korleis skal vi forstå at dåpen gir tilgjeving for syndene?
2. Ved døypefonten ber liturgen om at den som blir døypt «blir reist opp til det nye livet med Jesus Kristus, vår Herre». Korleis kan dåpen vere ein inspirasjon til aktiv handling for ei betre verd?

## 4. Tidspunkt for dåp

Er det rett å døype små barn? Bibelen gir oss ikkje noko eintydig svar på dette spørsmålet. Når Det nye testamentet fortel at menneske blei døypte med «heile huslyden» (Apg 16,15), er det sannsynleg at det inkluderte små barn. I store delar av kristenheita blei spedbarnsdåp etter kvart den dominerande praksisen.

Når kyrkja vår meiner at det er rett å døype små barn, er det på grunnlag av ei forståing av kva dåpen gir, og kva menneske treng, uavhengig av alder. Etter ei luthersk forståing er dåpen eit nådemiddel der Gud gir oss frelsesgåva. Derfor er det naturleg at foreldre som ønskjer det beste for barna sine, ber dei til dåpen så tidleg som mogleg.

Når barn blir døypte i kyrkja vår, les vi forteljinga om Jesus og barna (Mark 10,13–16). Jesus tek imot barna og seier at disiplane ikkje må hindre dei frå å komme til han. I ramma av dåpsliturgien blir denne teksten ei grunngeving for å døype barn. Når vi ber barn til dåpen, betyr det nettopp at vi bringar barna til Jesus. I kyrkja vår lærer vi at dåpen er ei Guds handling som skaper tru.

Trua handlar om forholdet mellom eit menneske og Gud. Ein slik relasjon kan også eit lite barn ha, ubevisst, men like fullt verkeleg. Spedbarnet møter omgivnadene og livet med grunnleggjande tillit. Slik kan også barnet tillitsfullt ta imot det som blir gitt i dåpen. Når eit lite menneske som ikkje sjølv kan prestere noko, blir døypt, er dette eit sterkt vitnesbyrd om at vi alle blir frelste av nåde. Vi kan kvile i dåpsnåden.

Sjølv om dei fleste som blir døypte i Den norske kyrkja, blir døypte som barn, er dåp noko som kan skje på eit kva som helst tidspunkt i livet. I dag er det blitt vanlegare at menneske som ikkje blei døypte som barn, kjem til kyrkja for å bli døypte som

ungdommar eller vaksne. Mange som ikkje blei døypte som barn, opplever at konfirmanttida er eit godt høve til sjølve å vurdere om dei skal la seg døype.


Nokre gonger er utsiktene til at eit nyfødt barn vil leve opp, små. I slike tilfelle kan kyrkja oppmuntre til og leggje til rette for at barnet skal få del i dåpsgåva. Dåpshandlinga gir barnet ei historie saman med foreldra.

Ein viktig grunn til at enkelte i dag ikkje døyper barna sine, er at dei ønskjer at barnet sjølv skal få velje når det blir større. Respekt for barnets sjølvråderett er ein god ting. Foreldre tek likevel svært mange val for barna sine, val som formar dei for livet. Det å ikkje døype barnet er ikkje eit meir nøytralt val enn det å døype. Tru høyrer naturleg til i det vi som foreldre gir vidare til barna våre. Den norske kyrkja oppmodar derfor medlemmene til å døype barna sine.

Kyrkja respekterer fullt ut at foreldre tek andre val, og vi vil gjerne inkludere barn som ikkje er døypte. Derfor inviterer vi alle til fellesskap og trusopplæring.

*«Ved ditt verk, ved Kjærlighetens vilje,  
er vi født på ny til liv i Kristus,  
til et åpent liv i tro og tillit.»*  
(N13, 586.4)

1. Korleis kan vi gi menneske frimodigheit til å velje dåp?
2. På kva måte heng tru og dåp saman?



– Etter at eg vart døypt, føler eg meg som del av eit kristent fellesskap. Det er viktig for å få balanse i livet, og ein kjenner seg trygg.

Morten, døypt som vaksen i Lademoen kirke.


# 5. Livet i dåpen

Same kva tidspunkt dåpen skjer på, så gjeld han heile livet. Gud gir trua i dåpen, og samtidig er trua at vi tek imot Guds gåve.

Når vi døyper barn, er det ein føresetnad at dei får lære trua å kjenne etter kvart som dei veks opp. Ein lam mann blei ein gong boren til Jesus av vennene sine (Mark 2,1–12). Jesus såg at vennene trudde og handla på grunn av trua si. Små barn blir borne til dåpen av foreldre, fadrar og ein kyrkjelyd som trur. Sjølv om dei sjølve ikkje kan ta del i truvedkjenninga, seier andre henne fram for dei.

Trua er eit uttrykk for tillit til Gud. Å tru er å ha ein relasjon til den treeinige Gud. Jesus trekkjer fram barnet som førebilete på korleis vi skal ta imot Guds rike. Barnet viser grunnleggjande og vilkårslaus tillit i relasjonane sine.

Dåpen er inngangen til eit liv i tru. I dåpen seier presten: «Eg teiknar deg med det heilage krossmerket til vitnemål om at du skal høyra den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus til og tru på han.»



– Eg hadde ikkje trudd at eg skulle bli så stolt som eg blei innan dåpen.

Robin, pappa til Filip,  
døypd i Bodø domkirke.



---

Trua kan vere forskjellig frå menneske til menneske og på ulike tidspunkt i livsløpet. Somme opplever trua som ei forvissing, for andre er trua blanda med tvil og usikkerheit. Enkelte kan setje ord på trua si, andre har ei taus tru som kjem til uttrykk på ein annan måte enn hos andre. Uansett kan trua vere tillit til Gud.

Eit liv i dåpen er eit liv i tru. Fadrane skal hjelpe til å bevare den døypte i trua. Dei tek på seg oppgåva med å vise omsorg for den døypte og støtte ham/henne på trusvegen, slik det kjem til uttrykk i fadderansvaret i dåpsliturgien: Fadrane skal «be for barna, lære dei sjølve å be og hjelpe dei til å bruke Guds ord og delta i den heilage nattverden, slik at dei kan leve og vekse i den kristne trua.»

Den som er blitt døypt, må få kunnskap om innhaldet i trua som er tilpassa alder og modenheit. Dåpen heng tett saman med trusopplæringa i heimen og kyrkja. Hovudansvaret for opplæringa i kristen tru ligg hos dei føresette. Dåpssamtalen før dåpen er første trinn i trusopplæringa. Når ungdom og vaksne skal døypast, bør dei få opplæring i trua på førehand.

For Luther var kampen mot det han kalla «det gamle mennesket», ein viktig del av dagleglivet til den døypte. Å leve i dåpen handlar om å ta avstand frå det vonde og vende seg mot det gode, å kjempe mot det som er urett, og fremje det gode. Dåpen er eit uttrykk for Guds kjærleik til oss, og som døypte blir vi kalla til å gjere kjærleikens gjerningar. Dåpen held oss fast i eit ansvar for enkeltmenneske og samfunn, lokalt og globalt, og for heile Guds skaparverk. Dåpslivet og det allmenne menneskelivet høyrer saman. Å vere ein kristen vil seie å leve ut dåpskallet i familie, arbeid og samfunnsliv, saman med men-

neske som trur annleis enn oss. I dåpen blir vi ein Jesu disippel og blir kalla til å følgje han.

For den som er kommen bort frå trua, er vegen tilbake alltid open. Mens enkelte kan oppleve ei slik vandring som ei langsam oppvakning, opplever andre henne som ei plutselig omvending. I begge tilfella handlar det om å vende tilbake til det vi fekk i dåpen, og tru på det løftet som blei gitt der. Nokon ny dåp er ikkje nødvendig.

I den store katekismen samanliknar Luther dåpen med eit skip: Sjølv om vi ramlar ut av skipet, betyr ikkje det at skipet har forlist. Derfor kan den som har ramla ut, klatre opp i det igjen og segle vidare. I kyrkja ber vi til Gud: «Kall dei fråfalne tilbake.»

*«Og ved tidens grense lever fortsatt  
dine løstes-ord ved døpefonten,  
dåpens lys forblir når livet slukner.»  
(N13, 586,5)*

1. Kva får vi i gáva til dåpen?

2. Kva for konsekvensar har det for invitasjon og innhald i arbeidet til kyrkja blant barn og unge at vi vender oss til døypte og udøypte?

# 6. Dåp og kyrkje

I dåpen blir vi ein del av det kristne fellesskapet i kyrkja. Vi blir medlem i Den norske kyrkja når vi blir døypte her. Men det fellesskapet som dåpen gir oss del i, er ikkje avgrensa til Den norske kyrkja. Dåpsliturgien seier følgjande om den nydøypte: «Dette er NN, Guds barn, døypt inn i vår kyrkjelyd og Kristi verdsvide kyrkje.»

At dåpen gir del i eit fellesskap på tvers av kyrkjesamfunna, inneber òg at den som er døypt i ei anna kyrkje, kan bli medlem i Den norske kyrkja utan å bli døypt på ny. Føresetnaden er at dåpen skjer til namnet åt Faderen, Sonen og Den heilage ande. Å arbeide for ein synleg einskap mellom kristne er eit kall som spring ut av at vi som kristne er døypte med éin dåp til å vere éin kropp i Kristus (Ef 4,4–6).

I Den norske kyrkja er dåp det einaste medlemskriteriet. Det blir ikkje stilt nokon andre krav for å bli rekna som ein fullverdig kyrkjemedlem. Det kjem mellom anna til uttrykk ved at alle kyrkjemedlemmer over 15 år har stemmerett i det kyrkjelege demokratiet.

At dåpen er grunnlaget for fellesskapet i kyrkja, betyr at alle har like mykje verdigheit og verdi uavhengig av kjønn, alder, etnisk bakgrunn, sosial status, seksuell legning osv. Paulus seier: «For alle de som er døypte til Kristus, har kledd dykk i Kristus. Her er ikkje jøde eller grekar, her er ikkje slave eller fri, her er ikkje mann og kvinne. De er alle éin i Kristus Jesus.» (Gal 3,27f)

Som oftast blir dåpen feira i hovudgudstenesta til kyrkjelyden, men han kan òg skjje i ei eiga dåpsgudsteneste. Dei seinare

åra er drop-in-dåp, ein eigen dåpsdag for små og store, blitt ei ny ramme for dåpshandlinga. I enkelte delar av landet er det tradisjon med dåp heime. Slik markerer ein at familien er det nærmaste fellesskapet til den døypte. Gjennom fadrane blir det nære fellesskapet rundt den døypte utvida.

Dåp og nattverd er dei to handlingane som i luthersk samanheng blir rekna som sakrament. Dåp og nattverd høyrer saman, men er likevel forskjellige handlingar. Mens dåpen er ei handling som berre skal utførast éin gong, er nattverden noko som stadig blir gjenteke. Dåpen er inngangen til livet som kristen, og nattverden er det sakramentet som nærer det kristne livet. Det å delta i gudstenesta, lese i Bibelen og be høyrer til livet i dåpen, jf. Confessio Augustana 13.

## Dåpen kallar og innvier til teneste i kyrkja og verda.

Dåpen kallar og innvier til teneste i kyrkja og verda. I ein viss forstand er alle døypte prestar. I kraft av dåpen har vi eit ansvar for å vitne om Jesus Kristus og forkynne evangeliet i ord og handling.

Ifølgje Paulus er vi døypte til å vere ein del av Jesu kropp i verda, der dei ulike lemmene har forskjellige oppgåver (1 Kor 12). Kyrkja er eit tenestefellesskap der tilsette, frivillige, vigsle og ikkje-vigsle arbeider saman. Med utgangspunkt i dåpen kan kyrkja kalle både til kyrkjelege stillingar og til frivillig medarbeidarskap.

Nokre er døypte, andre ikkje. At det er slik, gir ingen grunn til å sjå ned på menneske med ei anna tru eller eit anna livssyn. Trass i usemje om tru og livssyn er det menneskelege felles – det menneskelege vi trur er gitt av Gud. Derfor kan vi òg leve

fredeleg saman i samfunn og familie og saman arbeide for det gode og mot det vonde.

Dåpen gir oss del i ei gåve som er til det beste, ikkje berre for oss sjølve, men for heile Guds verd. I nattverdliturgien ber vi: «Vi takkar deg, visdoms Gud, for den djupe løyndomen i ditt måltid: Brødet vi har brote, er eitt. Son din har gjeve sitt liv for éi verd og éi menneskeslekt. Vi bed deg: Hjelp oss å høyra det ropet du har høyrte, å sjå den nauda du har sett, og å elska nesten vår som oss sjølve». Frå gudstenesta blir vi sende ut for å gjere teneste for verda.

Då steig Jesus fram og talte til dei: «Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» (Matt 28,18–20)

*1. Korleis kan vi som kyrkjelyd ha ein inviterande dåpspraksis?*

*2. Korleis kan vi som kyrkje stå saman med fadrane i oppgåva deira?*



Foto: Biema Bentle



Foto: Eirik Nørmud